

# Elghundutstilling i Tveitedalen



*Frå venstre: Kjell Rusten med Cita, Eilert Jegteberg med Acick av Bjønnsteg, Jarle Rogne med Bamse, ringsekretær Marit Sande, Johan Storhaug med Svart Hunden's Aisa, Ragnhild Hope med Cliff, dommar Arne Gilde, Irene Sørnum med NJ(B)Ch Trym og Tore Storhaug med Nuch,Nj/B)ch Nordv.02 Simba.*

**Laurdag skipa Hordaland Elghundklubb hundeutstilling i Tveitedalen på Utåker. Totalt var 29 hundar og 3 kvelpar påmeldt. Rasane som var representerte var Aust-Sibirsk Laika, Jemthund, Grå elghund og Svart elghund.**

Utstillingsdommar Arne Gilde frå Notodden framheva spesielt den høge standarden på svart elghund i Hordaland. Utstillingas vakraste hund var utstillingschampion, jaktchampion og nordisk vinnar *Simba*, eigd av Tore Storhaug frå Sandvoll.

## **Premie på første utstilling**

Spesielt trevleg var det og for Eilert Jegteberg frå Matre, som på si første hundeutstilling fekk kvalitetssertifikat og heiderspremie for *Acick av Bjønnsteg*. Hunden var sistevallet i kullet, og avskriven av dei fleste som noko å satsa på. Eilert lova at ein kom til å sjå meir til denne lovande unghunden.

## **Skryt for arrangementet**

Arrangørane fekk mykje skryt for staden utstillinga var lagt til. Tilstellinga gjekk over to dagar og det var svært positivt at ein kunne overnatta på staden. Elghundklubben vil og retta ein takk til Felleskjøpet Dimmelsvik og Haugland Dyresenter i Uskedalen for sponning av premiar.

*Taisto Erkinharju,*

*Leiar Hordaland Elghundklubb*